

05.04. 2009



Hjort i Jostedal

LUSTER KOMMUNE 2009

Status Jostedal

Luster kommune gir som dei siste to åra ut eigne korte rapportar over viltforvaltninga i kvar hjortesone. Dette vert gjort slik at de som jegerar og grunneigarar får tilgang til den same informasjonen som kommunen, og at me dermed kanskje kan få til ei endå betre avskytning og forvaltning. Det er også laga eit eige hefte om forvaltning og avskyting kommunen sett under eitt, som er meir omfattande og som de også bør sjå på. Dei ulike valda sin tildeling og avskyting dei siste tre åra ligg bakarst.

Verdiane knytt til hjortebestanden i sona er store både økonomisk og gjennom reaksjon. Hjortekjøtet i 2008 er vurdert til rundt kr 142 000 for sona.

Jegerar og grunneigarar bør dermed sjå nytten av ei god og framtidretta forvaltning av desse felles verdiane.

På dei neste sidene vil me både presentere og tolke statistikken som me har laga for sona.

For å samanlikne dykkar sone med andre område, bør de studere heftet "hjort i Luster kommune".

De vil få kjennskap til:


- *Historisk tildeling*
- *Historisk avskyting*
- *Jaktpreferanse*
- *Bestandssamansetjing*
- *Bestandsvekst*
- *Kor lenge de er på jakt*



Tildeling

Figuren syner at både tildelinga og tildelingsfordelinga har variert dei siste åra. Dette skyldast at ein har endra på arealkravet bak kvart løyve i samsvar med kva ein har funne naudsynt etter varierende tettleik i ulike område.

I 2008 gjekk kommunen bort i frå eit tildelingsregime som opna for "frie" løyve og over til eit regime med kun spesifiserte løyver. Dei "frie" løyva i 2008 er fleirårige løyver til storvald i samsvar med bestandsplan.



Endringa bort i frå frie løyve vart innført for å freiste å auke den retta avskytinga med vekt på kalvar og hodyr, sidan ein i 2008 hadde ei stor auke i totaltildelinga. Auka uttak av hodyr er viktig for å avgrense veksten i stamma, medan eit høgt uttak av kalv og ungdyr er viktig for kvaliteten og avkastninga til stamma.

I sona dykkar er Fåberg- og Mjølverdalen godkjent som storvald og dei får frie løyve i samsvar med vedteken bestandsplan.



Avskyting

Utvida jakt, stor auke i tildeling og kanskje ein framleis aukande bestand har ført til eit nytt år med rekordavskyting i kommunen.

Sona Jostedal hadde same avskyting som i 2007, til tross for utvida jakt og fleire løyve.

Avskytingsfordelinga er betre enn før, men de kunne framleis ha auka uttaket av kalv og ungdyr.

Målsettinga er ei avskyting på minst 60 % kalv og ungdyr, minst 20 % eldre hodyr og resten eldre hanndyr.



“Sett– hjort” - Korleis er hjortestamma?

I grafen til høgre har me sett på om sona føretrakk å skyte eldre hanndyr (om dei tek ut fleire enn ein kan forvente ut frå førekoms- ten etter “sett –hjort”), eller om dei “sparar” eldre hanndyr (tek ut færre enn ein kan for- vente ut i frå observasjonane). Forklaringa til grafen er at alt over 100 % betyr at då vert eldre hanndyr føretrakt i meir eller mindre grad, medan alt under 100% betyr sparing av eldre hanndyr.

Som de ser verkar det som de no freistar å “spare” eldre hanndyr meir enn før. Sjølv om de no tek ut så mange som venta dersom ein hadde hatt ei tilfeldig avskyting. Målet må vere at de no går eit steg vidare og syt for at avskytinga vert mindre enn “venta”. Dette er eit viktig arbeid sidan bukkane i snitt vert skote som 3.5 år medan dei må verte rundt 6 år før dei vert skikkeleg stor.

Grafen til høgre syner den observerte bes- tandssamansetninga. Ein ser ikkje dei store endringane i bestanden i Jostedalen.

Denne grafen syner observerte dyr per jakt- time per år i utmark. Det ser i følgje dette ut til at tettleiken har vore omtrent stabil i sona.

Utvida jakt auka ikkje jaktinnsatsen i Josteda- len, som har vore stabil siste fem åra.

